

Kvartalsrapport
pr. 31.03.2023

KVARTALSRAPPORT PR. 31.03.2023

Resultat

Luster Sparebank legg fram eit resultat for første kvartal 2023 på kr 15,3 mill. Tilsvarende resultat på same tidspunkt i fjor var kr 10,8 mill. Det er i hovudsak auken i rentenetto som er årsak til resultatforbetringa. Banken har pr. 31.03.2023 oppnådd ein rentenetto på kr. 23,4 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 2,15 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen på kr. 17,1 mill., tilsvarende 1,59 % av gfk. Auke i rentenetto i kroner skuldast volumauke i utlån kombinert med betre rentemargin.

Netto andre driftsinntekter på kr 9.9 mill. har auka med kr 2,5 mill. samanlikna med 31.03.2022. Hovudårsaken til dette er at summen av utbytte og verdiendringar på finansielle instrument er høgare pr 31.03.2023 enn pr 31.03.2022. Provisjonsinntekter frå Verd Boligkreditt er også høgare så langt i 2023 enn på same tidspunkt i fjor.

Samla driftskostnader har auka samanlikna med fjoråret. Det er fleire årsaker til dette. IT-kostnader er høgare enn i fjor, ein har kostnadsført eit større tap som følgje av at kunde er vorte svindla, i tillegg til at formuesskatten blir kostnadsført med ein fast sum pr måned i 2023. Ifølgje IFRS er formuesskatt er ein driftskostnad. Tidlegare år er formuesskatten blitt kostnadsført i samband med årsoppgjeret.

Tap er kostnadsført med kr 0,6 mill. samanlikna med ei inntektsføring på kr 0,3 mill. på same tidspunkt i fjor.

Periodens resultat på kr 15,3 mill. er kr 4,5 mill. betre enn på same tidspunkt i fjor. Hovudårsaken er betring i rentenetto og høgare avkastning på verdipapir.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 31.03.2023 er på kr 4.515,3 mill. Forvaltningskapitalen har auka med kr 152,3 mill. (3,5 %) siste 12 månadar. Forretningskapitalen, som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 31.03.2023 på kr 5.258,8 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 168,2 mill. (3,3 %).

Netto utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 3.548,5 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 127,1 mill. eller 3,7 %. Utanfor balansen har banken pr. 31.03.2023 overført kr 743,5 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 728,1 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed auka med kr 142,5 mill. eller 3,43 % dei siste 12 månadane. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 31.03.2023 er fordelt med 26,6 % til næringskundar og 73,4 % til personmarknadskundar og offentleg sektor. På same tidspunkt i fjor var tilsvarende fordeling 26,1 % til næringskundar % og 73,9 % til personmarknadskundar og offentleg sektor. Innskot frå kundar er bokført med kr 3.384,3 mill. Veksten siste året er på kr 216,9 mill. eller 6,9 %. Banken har langsiktig lånt inn kr 145,9 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har utestående obligasjonslån for kr 281,0 mill. Banken si innskotsdekning er 94,7 %. Dersom ein hensyntek overførte lån til Verd Boligkreditt AS, er innskotsdekninga 78,4 %.

Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette engasjement utlån utgjer kr 87,1 mill. kr. pr. 31.03.2023. Dette er ein auke med kr 43 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har auke med kr 1,1 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittisikoprofil så langt i 2023.

Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr. 31.03.2023 har banken ein netto ansvarleg kapital på kr 550.781,0 mill. Heile banken sin netto ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.242.658,1 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 24,56 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 31.03.2023 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 25,24 %.

Luster Sparebank rapporterer også kapitaldekning på konsolidert nivå. På konsolidert nivå inngår banken sine eigarandelar i samarbeidande finansinstitusjonar Brage Finans AS og Verd Boligkreditt AS. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 23,04 %, kjernekapitaldekning på 23,32 % og ei kapitaldekning på 23,78 %.

Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank leverer eit godt resultat ved utgangen av første kvartal 2023. Banken sin finansielle stilling er god. Dei økonomiske utsiktene frametter er usikre. Høg prisvekst kombinert med eit høgare rentenivå og utsikter til lågare økonomisk vekst kan bidra til redusert forbruk og investeringar samt svekka gjeldsbetjeningsevne. Det vert viktig å halda fram det gode arbeidet med overvaking og oppfølging av kredittrisikoen i utlånsporteføljen. Eit høgare rentenivå bidreg samstundes til høgare renteinntekter for banken. Konkurransen om kundane er likevel stor. Det er såleis viktig å halda fram med å ha god kontroll på kostnadane for framleis å kunne levera konkurransedyktige tenester. Ytterlegare vekst i sal av forsikrings- og spareprodukt vil bidra til å auka inntektsgrunnlaget frå andre produkt og byggja vidare opp under banken som ein heilskapleg tilbydar av finansielle tenester.

Luster Sparebank skal vera ein god og løysingsorientert medspelar som bidreg til at både eksisterande og nye kundar kjenner økonomisk tryggleik og kan realisera sine draumar i tråd med banken sin visjon - «Saman når me måla dine!».

Gaupne, 28.04.2023

I styret for Luster Sparebank

Svein Ove Slinde
Styreleiar

Ove Nyland

Siri Johanne Solberg Dalehaug

Anette Stegegjerdet Norberg

Evelyn Bukve Gunnestad

Jermund Lien Molland
Banksjef

RESULTATREKNESKAP

(Tal i heile 1.000)

	31.03.2023	31.03.2022	31.12.2022
Renteinntekter og liknande inntekter	44.196	23.909	120.318
Rentekostnader og liknande kostnader	20.444	6.802	41.401
Netto renteinntekter	23.752	17.107	78.917
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	4.013	3.532	16.826
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-483	-517	-1.864
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	2.283	0	7.312
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	4.177	4.420	8.594
Andre driftsinntekter	0	0	91
Netto andre driftsinntekter	9.990	7.435	30.959
Løn og andre personalkostnader	6.022	5.831	23.589
Andre driftskostnader	6.651	4.393	23.017
Ordinære avskrivningar	177	216	762
Sum driftskostnader	12.850	10.440	47.368
Tap på utlån, garantiar o.l.	613	-266	4.719
Resultat før skatt frå videreført verksemd	20.279	14.368	57.789
Skattekostnad	5.070	3.592	11.857
Resultat før andre inntekter og kostnader	15.209	10.776	45.932
Utvida resultat			
Andre inntekter og kostnader	45	-26	1965
Totalresultat	15.254	10.750	47.897

BALANSE

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	31.03.2023	31.03.2022	31.12.2022
Kontantar og fordringar på sentralbankar	74.198	72.503	73.671
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	227.330	270.376	247.356
Utlån til og fordringar på kundar	3.548.450	3.421.352	3.533.294
Renteberande verdipapir	0	0	3.002
Obligasjons- og pengemarknadsfond	458.200	407.608	466.477
Aksjar og grunnfondsbevis	169.436	150.454	0
Immaterielle eigendeler	0	13	0
Varige driftsmidlar	7.377	7.669	7.515
Eigendeler ved utsatt skatt	9.890	5.368	9.890
Andre eigendeler	20.454	27.195	30.226
SUM EIGENDELER	4.515.335	4.362.538	4.371.431

GJELD OG EIGENKAPITAL

Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	145.988	195.508	146.009
Innskot og andre innlån frå kundar	3.384.295	3.167.302	3.249.602
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	281.049	340.684	281.172
Anna gjeld	16.627	16.701	8.442
Avsetningar	25.656	29.960	39.591
Sum gjeld	3.853.615	3.750.155	3.724.816
Sum eigenkapital	661.720	612.383	646.615
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	4.515.335	4.362.538	4.371.431

Garantiansvar	54.344	32.869	48.411
Pantsetjingar	248.157	245.567	247.432
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	743.479	728.065	791.503
Gjennomsnitleg forvaltningskapital	4.479.558	4.372.588	4.388.013

RESULTATANALYSE

(i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)	31.03.2023	31.03.2022	31.12.2022
Renteinntekter og liknande inntekter	4,00 %	2,22 %	2,74 %
Rentekostnader og liknande kostnader	1,85 %	0,63 %	0,94 %
Netto renteinntekter	2,15 %	1,59 %	1,80 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,36 %	0,33 %	0,38 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,04 %	-0,05 %	-0,04 %
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument	0,21 %	0,00 %	0,17 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	0,38 %	0,41 %	0,20 %
Andre driftsinntekter	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Netto andre driftsinntekter	0,90 %	0,69 %	0,71 %
Løn og andre personalkostnader	0,55 %	0,54 %	0,54 %
Andre driftskostnader	0,60 %	0,41 %	0,52 %
Ordinære avskrivningar	0,02 %	0,02 %	0,02 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	1,16 %	0,97 %	1,08 %
Tap på utlån, garantiar o.l.	0,06 %	-0,02 %	0,11 %
Driftsresultat før skatt	1,84 %	1,33 %	1,32 %
Skattekostnad	0,46 %	0,33 %	0,27 %
Resultat etter skatt	1,38 %	1,00 %	1,05 %
Utvida resultat			
Andre inntekter og kostnader	0,00 %	0,00 %	0,04 %
Totaltresultat	1,38 %	1,00 %	1,09 %

ENDRING I EIGENKAPITAL

(NOK 1 000)	Udisponert resultat	Fond for urealiserte gevinster	Bankens fond	Gavefond	Sum egenkapital
Eigenkapital pr. 31.12.2020	0	40.269	502.202	23.679	566.153
Resultat før andre inntekter og kostnader	0	0	40.847	0	40.847
Andre inntekter og kostnader	0	0	-816	0	-816
Avsetnad til gaver	0	0	-3.500	3.500	0
Gåver utdelt av styret i 2021	0	0	0	-4.172	-4.172
Eigenkapital pr. 31.12.2021	0	40.269	538.733	23.007	602.012
Resultat før andre inntekter og kostnader	0	0	45.932	0	45.932
Poster ført over andre inntekter og kostnader	0	0	1.965	0	1.965
Avsetnad til gaver	0	0	-4.000	4.000	0
Gåver utdelt av styret så langt i 2022	0	0	0	-3.294	-3.294
Eigenkapital pr. 31.12.2022	0	40.269	582.630	23.713	646.615
Resultat før andre inntekter og kostnader	15.209	0	0	0	15.209
Poster ført over andre inntekter og kostnader	45	0	0	0	45
Avsetnad til gaver	0	0	0	0	0
Gåver utdelt av styret så langt i 2023	0	0	0	-149	-149
Eigenkapital pr. 31.03.2023	15.254	40.269	582.630	23.564	661.720

NOTEOPPLYSNINGAR

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskap er utarbeida i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og IFRS som fastsett i "Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak".

Delårsrekneskap er ikkje revidert.

Banken vil unnlate å gi følgjande noteopplysningar etter IFRS:

- 1) IFRS 13. Det blir istaden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskriften § 7-3.
- 2) IFRS 15.113-128
- 3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Delårsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS-standarder og IFRIC-tolkningar.

Delårsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som blir krevd i eit fullstending årsrekneskap.

Ein bør difor lese delårsrekneskap og siste årsrekneskap i samanheng.

Rekneskapsprinsipp beskrevet over er blitt nytta ved utarbeiding av åpningsbalanse etter IFRS.

Vi viser til note 20 i årsrapport for 2019 som syner banken sin åpningsbalanse etter IFRS

og effektane av denne overgangen.

Viktige rekneskapestimat og skjønnsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfeller må ta forutsetningar og må nytte estimat og skjønnsmessige vurderingar.

Estimat og skjønnsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historiske erfaringar og forutsetnader om framtidige hendingar som blir vurdert som sansynlege på tidspunkt for utarbeiding av balansen. Det er knytta usikkerhet til dei forutsetningar og forventningar som ligg til grunn for brukte estimat og skjønnsmessige vurderingar. I årsrekneskapet er det redegjort nærmare for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tall er i kr 1.000 om ikkje anna er oppgitt.

NOTE 2 UTLÅN TIL KUNDAR

Fordeling av brutto utlån til kundar fordelt på trinn

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum
Inngående balanse 01.01.2023	3.099.747	383.760	75.300	3.558.807
Overført til trinn 1	104.297	-97.328	-6.969	0
Overført til trinn 2	-78.016	74.642	3.374	0
Overført til trinn 3	-4.737	-4.643	9.380	0
Netto endring	-9.053	-14.226	-817	-24.096
Nye lån	208.433	1	551	208.985
Frårekna lån	-140.130	-29.087	-7	-169.224
Utgående balanse 31.03.2023	3.180.541	313.119	80.812	3.574.473

Utlån til kundar fordelt på sektor og næring

	31.03.2023	31.03.2022	31.12.2022
Personkundar	2.612.959	2.533.131	2.619.441
Offentleg sektor	10.069	12.421	9.987
Finans og andre sektorar	12.209	18.522	14.181
Næring			
- Primærnæring	142.903	135.988	145.450
- Industri	43.278	35.989	39.179
- Kraftproduksjon	32.222	33.053	31.913
- Bygg og anlegg	192.789	162.021	176.307
- Handel	48.434	53.088	47.275
- Hotell og restaurantdrift	60.679	59.353	56.047
- Transport	26.273	31.117	27.868
- Eigedomsdrift	339.117	310.990	331.227
- Andre tjenesteytande næringar	51.760	58.718	58.175
- Interesseorganisasjonar	1.781	1.912	1.757
Sum utlån før nedskrivningar	3.574.473	3.446.303	3.558.807
Trinn 1 nedskrivningar	-7.315	-6.647	-6.659
Trinn 2 nedskrivningar	-3.283	-2.797	-3.946
Trinn 3 nedskrivningar	-15.425	-15.507	-14.908
Sum utlån til og fordringar på kundar	3.548.450	3.421.352	3.533.294
Overført til Verd Boligkreditt AS	743.479	728.065	791.503
Totale utlån	4.291.929	4.149.417	4.324.797

Kredittforringa engasjement

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

	31.03.2023	31.03.2022	31.12.2022
Misleghald næringlivskundar	41.067	22.270	35.792
Misleghald personkundar	1.354	1.782	1.351
Brutto misleghaldne engasjement	42.421	24.052	37.143
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	-14.141	-13.231	-13.038
Netto misleghaldne engasjement	28.280	10.821	24.105

Engasjement som er tapsutsett men ikkje misleghaldne

	31.03.2023	31.03.2022	31.12.2022
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	40.098	20.049	34.333
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	-376	-1.871	-1.230
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	39.722	18.178	33.103

Tap på utlån, garantiar og unyttta kredittrammer til kundar

	Trinn 1 Modellbasert 12 mnd. tap	Trinn 2 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Individuelt vurdert	Sum ned- skrivningar
Nedskrivningar 01.01.2023	8.436	4.129	1.388	13.802	27.755
Overføringar:					
Overført til trinn 1	995	-767	-229	0	-1
Overført til trinn 2	-203	235	-32	0	0
Overført til trinn 3	-1	-202	203	0	0
Netto endring	-435	48	-338	883	158
Nye tap	811	1	16	0	828
Frårekna tap	-291	-21	-28	-168	-508
Endring i risikomodell/parmetre	1	0	0	0	1
Andre endringar	0	0	0	0	0
Berekna tap 31.03.2023	9.313	3.423	980	14.517	28.233
Verdijustert over andre inntekter kostnader	873	0	0	0	873
Sum nedskrivningar og avsetningar pr 31.03.2023	8.440	3.423	980	14.517	27.360
Konstatert tap	0	0	0	0	0
Inngått på tidligare konstaterte tap	0	0	0	-21	-21
Bokført som reduksjon eigendeler	7.315	3.283	908	14.517	26.023
Bokført som auke annan gjeld	1.125	140	72	0	1.337
Sum nedskrivningar 31.03.2023	8.440	3.423	980	14.517	27.360

NOTE 3 VERDIPAPIR

Denne noten gir informasjon om kva metode som blir nytta til å måle banken sine verdipapir. Banken sine verdipapir blir delt inn i tre grupper eller nivå.

Nivå 1

Verdipapira i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av observerbare marknadsverdiar. Banken verdsetter børnoterte aksjar og fond etter denne metoden

Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsetjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata. Pr 31.03.2023 har ikkje banken verdipapir som blir verdsett etter denne metoden.

Nivå 3

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadsdata ikkje inngår. For dei fleste av verdipapira i denne gruppa har banken verdsett verdipapira til banken sin andel av den bokførte eigenkapitalen i selskapa.

Verdipapir pr 31.03.2023	Antall	Verkeleg verdi (i heile 1000)	Verdsettjingshirarki		
			Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Obligasjons og pengemarkedsfond					
DNB Likviditet D	109.480	110.814	110.814	0	0
Holberg Likviditet	354.085	36.288	36.288	0	0
Pareto Likviditet C	12.542	12.613	12.613	0	0
Odin Likviditet		50.328	50.328	0	0
DNB European Covered Bonds	138.022	93.622	93.622	0	0
DNB Global Treasury	74.927	65.722	65.722	0	0
Dnb OMF	88.682	88.813	88.813	0	0
Sum obligasjons og pengemarkedsfond		458.200	458.200	0	0
Aksjar og grunnfondsbevis					
Balder Betaling AS	210.423	7.070	0	0	7.070
Brage Finans AS	2.170.040	46.421	0	0	46.421
DNB Bank ASA	15.942	2.987	2.987	0	0
Eiendomskreditt AS	99.222	16.979	0	0	16.979
Frende Holding AS	36.312	21.511	0	0	21.511
Gjensidige Forsikring ASA	11.193	1.917	1.917	0	0
Lerum Brygge AS	4.000	2.000	0	0	2.000
Luster Energiverk AS	1.359	17.667	0	0	17.667
Norne Securities AS	117.095	450	0	0	450
Verd Boligkreditt AS	44.639	49.615	0	0	49.615
Visa		684	0	0	684
Kredittforeningen for Sparebanker	460	538	0	0	538
Sogn Sparebank	7.600	1.231	1.231	0	0
Andre aksjer		366	0	0	366
Sum aksjar og grunnfondsbevis		169.436	6.135	0	163.302
Sum verdipapir		627.636	464.335	0	163.302
Avstemming nivå 3					
Inngående balanse 01.01					159.131
Realisert vinst/tap					0
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet					4.171
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat					0
Investering					0
Salg					0
Utgående balanse					163.302

NOTE 4 INNSKOT FRÅ KUNDAR FORDELT PÅ SEKTOR OG NÆRING

	31.03.2023	31.03.2022	31.12.2022
Lønstakarar	2.416.143	2.299.901	2.368.491
Offentleg sektor	196.608	199.000	205.606
Finans og andre sektorar	89.157	113.302	86.592
Næring			
- Primærnæring	86.521	77.595	59.191
- Industri	29.280	26.707	21.716
- Kraftproduksjon	220.456	78.369	166.603
- Bygg og anlegg	112.483	110.022	120.949
- Handel	42.676	38.234	36.428
- Hotell og resturantdrift	31.033	26.979	31.531
- Transport	10.371	8.374	7.624
- Egedomsdrift	61.300	96.081	63.996
- Andre tjenesteytande næringar	78.593	84.174	73.306
- Interesseorganisasjonar	9.674	8.564	7.569
Sum innskot	3.384.295	3.167.302	3.249.602

NOTE 5 INNLÅN FRÅ KREDITTINSTITUSJONAR OG FINANSMARKNADEN

Innlån frå kredittinstitusjonar				31.03.2023
				Bokført
				verdi
	Opptak	Forfall	Pålydande	inkl renter
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	30.000	30.410
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	50.000	50.240
Kredittforeningen for Sparebanker	17.06.2021	11.11.2024	35.000	35.163
Kredittforeningen for Sparebanker	29.10.2021	03.02.2026	30.000	31.175
Sum gjeld til kredittinstitusjonar			145.000	146.988
Obligasjonar notert på Nordic ABM				Bokført
ISIN-nr	Opptak	Forfall	Pålydande	inkl renter
NO0010873573	24.01.2020	24.08.2023	70.000	70.485
NO0011036766	25.06.2021	25.06.2025	80.000	80.037
NO0011150534	11.11.2021	11.11.2025	70.000	70.329
NO0010993033	04.05.2021	04.05.2026	60.000	60.338
Over/underkurs				-140
Sum obligasjonar			280.000	281.049

NOTE 6 ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV

	31.03.23	31.03.22	31.12.22
Eigenkapital	661.720	612.383	646.615
- Fradrag for resultat fordi rekneskap ikkje er revidert	-15.254	-10.750	0
- Frådrag	-95.685	-80.697	-93.235
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	550.781	520.936	553.379
Engasjementskategoriar (vekta beløp)			
Statar og sentralbankar	0	0	0
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)	2.022	2.492	2.005
Offentleg eigde foretak	0	0	0
Institusjonar	52.705	53.271	54.423
Foretak	62.946	35.029	64.889
Massemarked	302.160	386.367	309.524
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.246.845	1.131.707	1.232.068
Forfalte engasjementer	87.817	77.954	83.173
Høgrisiko-engasjement	56.940	124.437	45.714
Obligasjonar med fortrinnsrett	0	0	0
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating	0	0	0
Andeler i verdipapirfond	121.087	102.671	31.771
Eigenkapitalposisjonar	78.214	79.117	78.097
Øvrige engasjement	42.280	27.055	33.532
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	2.053.017	2.020.100	1.935.196
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko etter basismetoden	189.642	174.982	189.642
Sum berekningsgrunnlag	2.242.658	2.195.082	2.124.837
Kapitaldekning i prosent	24,56 %	23,73 %	26,04 %
Kjernekapitaldekning i prosent	24,56 %	23,73 %	26,04 %
Rein kjernekapitaldekning i prosent	24,56 %	23,73 %	26,04 %
Uvekta kjernekapital i prosent	12,15 %	11,95 %	12,72 %

KONSOLIDERING AV SAMARBEIDANDE GRUPPER

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har eigarandel på 6,27 % i Verd Boligkreditt AS og 1,59 % i Brage Finans AS.

	31.03.23	31.03.22	31.12.22
Konsolidert rein kjernekapital	632.114	589.695	633.899
Konsolidert kjernekapital	639.846	596.573	641.631
Konsolidert kapitaldekning	652.372	605.738	654.157
Konsolidert beregningsgrunnlag	2.743.206	2.732.988	2.623.533
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	23,04 %	21,58 %	24,16 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	23,32 %	21,83 %	24,46 %
Konsolidert kapitaldekning	23,78 %	22,16 %	24,93 %
Konsolidert uvekta kjernekapital	11,49 %	11,16 %	11,92 %

Banken sine kapitalkrav	31.03.23	31.03.22	31.12.22
Minstekrav rein kjernekapital	4,50 %	4,50 %	4,50 %
Bevaringsbuffer	2,50 %	2,50 %	2,50 %
Systemrisikobuffer	3,00 %	3,00 %	3,00 %
Motsyklisk buffer	2,50 %	1,00 %	2,00 %
Krav til rein kjernekapital	12,50 %	11,00 %	12,00 %
Krav til kjernekapitaldekning	14,00 %	12,50 %	13,50 %
Krav til kapitaldekning	16,00 %	14,50 %	15,50 %
Banken si vurdering av Pilar 2 krav	2,10 %	2,10 %	2,10 %

BANKEN SINE KAPITALMÅL

Banken er ikkje underlagt Pilar 2-krav frå Finanstilsynet.

Sett i samanheng med forventa finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital og kapitaldekning på konsolidert nivå.

31.12.2023

Mål for rein kjernekapitaldekning	17,5 %
Mål for kjernekapitaldekning	19,0 %
Mål for kapitaldekning	21,0 %

NOTE 7 LIKVIDITET

	31.03.23	31.03.22	31.12.22
Liquidity Coverage Ratio (LCR)	185,8 %	286,6 %	235,0 %